



Ellinor Therese Birkeland
Hjellvikvegen 659
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4637 - 22/43454

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
07.06.2022

Varsel om synfaring - GBNR 203/6 Fyllingen

Tiltak: Mogleg forureining frå hestemøk
Stad: Gbnr: 203/6 Sandvikavegen 150
Grunneigar: Ellinor Therese Birkeland

Orientering om synfaring på eigedomen måndag 20.06.22 klokka 13:30.

Kommunen er gjort merksam på mogleg, ulovleg oppbevaring av hestemøk på din eigedom Sandvikavegen 150, gbnr. 203/6.

Mynde:

Kommunen har, i henhald til forureiningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med forureinings-situasjonen i kommunen og handtering av avfall. Kommunen vil difor undersøke om tilhøvet er i strid med forureiningslova § 7, eller i strid med forureiningslova § 28.

Vi planlegg å gjennomføre ei synfaring på eigedomen din den 20.06.22 klokka 13:30. I følgje forureiningslova § 50, som gjeld rett til gransking, skal kommunen ha uhindra adgang til eigedomen. Vi ber om at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at du tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

Du har rett til å ha et vitne på staden. Du har rett til innsyn i sakas dokumentar i henhald til forvaltningslova §§ 18 og 19.

Kva forventar vi av deg før og under synfaringa?

Vi ber om

- at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærare
- at du ikkje dekkjer til området
- at eventuell forureining i dette området blir stansa, og at du som grunneigar medverkar til dette

Retten kommunen har til å komme på synfaring

Kommunen har rett til å komme på synfaring utan å bli hindra, jf. forureiningslova § 50.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 462 99 440 eller på e-post:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk:

- Kommunen har forureiningsmynde etter forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining eller ulovleg oppbevaring av avfall følgjer av forureiningslova §§ 7 og 28.
- Rett til gransking følgjer av forureiningslova § 50.
- Rett til innsyn i saka følgjer av forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ellinor Therese Birkeland

Hjellvikvegen 659

5281

Valestrandsfossen